

Prop. 23 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2017 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 24. november 2017,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Samandrag

Under programområde 02 Utanriksforvaltning blir det gjort framlegg om ein netto reduksjon på 126,5 mill. kroner.

Mellom anna er kontingentane til internasjonale organisasjonar venta å bli 135,5 mill. kroner lågare enn tidlegare budsjettet medan utbetaliniane under EØS-finansieringsordningane no er rekna til å bli netto 14 mill. kroner høgare enn hit til budsjettet.

Under programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp blir det gjort framlegg om omdisponeringar på til saman 1 377,8 mill. kroner. Nye overslag viser at utgiftene til ODA-godkjende flyktningtiltak i Noreg er 1 360 mill. kroner lågare enn tidlegare rekna med. Det er midlar som i denne proposisjonen blir foreslått omdisponert til andre tiltak, m.a. humanitær hjelpe og andre straksstiltak i Afrika, Asia og Midtausten.

Vidare blir den ODA-godkjende delen (85 pst.) av innskotet i Den asiatiske investeringsbanken for infrastruktur (AIIB) foreslått som del av utviklingshjelpa for 2017, jf. vedtak i OECD/DAC.

2 Programområde 02 Utanriksforvaltning

Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Løyvinga på posten omfattar pliktige kontingentar til internasjonale organisasjonar Noreg er medlem i. Kontingentane blir utbetalte i ulike valutaer, men hovudsakeleg euro og dollar.

Nye overslag viser eit mindrebehov på 152,6 mill. kroner til FN sine fredsbevarande operasjonar. Dette skuldast ein uventa budsjettredusjon drive fram av USA. I tillegg er berre ein mindre del av den regionale vernestyrken utplassert i operasjonar i Sør-Sudan (UNMISS). Også i andre operasjonar har talet på personell vore lågare enn det mandata legg opp til og som det vart budsjettet med tidlegare.

Utover dette er det i OECD/DAC bestemt at den ODA-godkjende delen av tilskotet til FN sine fredsbevarande operasjonar, som blir budsjettet på kap. 170 *FN-organisasjonar mu.*, post 78 *Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m.* no er endra fra 7 pst. til 15 pst. Dette medfører eit mindrebehov på 19,5 mill. kroner på kap. 116, post 70 og ein tilsvarende auke under kap. 170, post 78.

Det er eit meirbehov til Nordisk ministerråd på 36 mill. kroner grunna etterslep på ei rekning frå 2016. Vidare er eit meirbehov på 4,7 mill. kroner relatert til nytt NATO-hovudkvarter.

Andre justeringar (netto reduksjon 11,9 mill. kroner) er i hovudsak relaterte til lågare budsjettet forbruk i EFTA og EFTA-organ (6,4 mill. kroner), Europaratet (2,6 mill. kroner) og Den internasjonale straffedomstolen (2,6 mill. kroner),

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på posten med netto 135,5 mill. kroner.

Kap. 117 EØS-finansieringsordningane EØS-finansieringsordninga (2009–2014)

Post 75 EØS-finansieringsordninga 2009–2014, kan overførast

Post 76 Den norske finansieringsordninga 2009–2014, kan overførast

Løyvinga under post 75 *EØS-finansieringsordninga 2009–2014* er på 549 mill. kroner og under post 76 *Den norske finansieringsordninga 2009–2014* på 761 mill. kroner. Inkludert ubrukt løyving overførd frå 2016 utgjer disponible midlar på post 75 i alt 724,2 mill. kroner og post 76 i alt 773,6 mill. kroner.

Norge, Island og Liechtenstein har forplikta seg til å løyve inntil 1 798,1 mill. euro gjennom EØS-finansieringsordningane 2009–2014. 2017 er det siste året med løyving under desse postane.

Nye overslag frå Financial Mechanism Office (FMO) i Brussel, som m.a. byggjer på innmelde behov frå mottakarlanda av EØS-midlar, syner at utbetalingsprosenten under EØS-finansieringsordningane no er rekna til 92,7 pst. av avtalebeløpet for begge ordningane. Dette er ein auke på 0,2 prosent-poeng frå tidlegare overslag.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvingane med til saman 255 mill. kroner, av dette

- post 75 *EØS-finansieringsordninga 2009–2014* med 107 mill. kroner
- post 76 *Den norske finansieringsordninga 2009–2014* med 148 mill. kroner.

Den nye EØS-finansieringsordninga (2014–2021)

Post 77 EØS-finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast

Post 78 Den norske finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast

Løyvinga under post 77 *EØS-finansieringsordninga 2014–2021* er på 264 mill. kroner og

under post 78 *Den norske finansieringsordninga 2014–2021* på 238 mill. kroner. Inkludert ubrukt løyving overførd frå 2016 utgjer disponible midlar på post 77 i alt 276,9 mill. kroner og post 78 i alt 247,7 mill. kroner.

Framdrifta i rammeforhandlingane med enkelte mottakarland går tregare enn forventa. I tillegg er framdrifta i dei landa der rammeavtalane er underteikna lågare enn forventa. Det er stor variasjon i framdrifta i mottakarlanda.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvngane med samla 241 mill. kroner, av dette

- post 77 *EØS-finansieringsordninga 2014–2021* med 124 mill. kroner
- post 78 *Den norske finansieringsordninga 2014–2021* med 117 mill. kroner.

Kap. 118 Nordområdetiltak m.m.

Post 70 Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland, kan overførast, kan nyttast under post 01

Ved stortingshandsaminga av RNB 2017, jf. Prop. 129 S (2016–2017), Innst. 401 S (2016–2017), vart det på denne posten løvd 5 mill. kroner til etablering av eit kompetansesenter for hav og arktiske spørsmål i Tromsø. Regjeringa har bestemt at sentret skal leggjast til Nærings- og fiskeridepartementet, og i 2018-budsjettet er utgiftene til sentret foreslått løvd under Nærings- og fiskeridepartementet.

I samråd med Nærings- og fiskeridepartementet foreslår Utanriksdepartementet at budsjettmidlar for 2017 blir overførde frå Utanriksdepartementet til Nærings- og fiskeridepartementet, kap. 900 *Nærings- og fiskeridepartementet*, post 21 *Spesielle driftsutgifter*.

Løyvinga på posten blir derfor foreslått redusert med 5 mill. kroner.

3 Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp

ODA-godkjende flyktningutgifter i Norge

Det blir i denne proposisjonen gjort framlegg om omdisponeringar på til saman 1 377,8 mill. kroner innanfor Utanriksdepartementet sin del av utviklingshjelpa under programområde 03 Internasjonal bistand. Det er no rekna med 1 359,9 mill. kroner i mindre utgifter til flyktningtiltak i Noreg godkjende som utviklingshjelp (ODA) enn tidlegare rekna med. I tillegg er det foreslått andre mindre justeringar på til saman 17,9 mill. kroner

som og kan omdisponerast til nye tiltak. Frigjorte midlar blir foreslått omdisponerte til andre tiltak på bistandsbudsjettet, jf. omtale nedanfor.

Den asiatiske investeringsbanken for infrastruktur (AIIB) – ODA-godkjend del

Som følge av vedtak i OECD/DAC i juni 2017 om at 85 pst. av innskotet i AIIB kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA) med verknad frå og med 2016, er ein tilsvarende del av det norske innskotet i AIIB frå og med 2016 rapportert til OECD/DAC som offisiell utviklingshjelp (ODA). Den norske ODA-delen på 161,3 mill. kroner i 2017 vil tilsvarende bli statistikkrapportert som ODA i 2017-statistikken.

Det blir foreslått at 85 pst av innskotet, 161,3 mill. kroner, inngår som del av bistandsramma for 2017.

Forslag til auka løyvingar

Kap. 150 Bistand til Afrika

Post 78 Regionløying for Afrika, kan overførast

Løyvinga blir foreslått auka med 90 mill. kroner.

Auka midlar vil gå til stabiliseringsfond i Somalia og i Den demokratisk republikken Kongo, til Det humanitære fondet for Sør-Sudan, Verdsbanken og FN sitt arbeid med flyktningar frå Sør-Sudan og eit fond som støttar fredsprøsessen i Den sentralafrikanske republikken.

Kap. 161 Næringsutvikling

Post 70 Næringsutvikling, kan overførast

Løyvinga blir foreslått auka med 20 mill. kroner til etablering av investeringsfondet Nordic Horn of Africa Opportunities Fund i Somalia. Norfund vil vere mottakar av tilskotet og forvalte norsk delta-kapital i fondet. Tilskotsmidlane vil vere i form av first-losskapital. Dette betyr at kapitalen vil inngå i fondet som ein bufferkapital som vil vere førstelinja for å dekke eventuelle tap fondet må ta. Det inneber at risikoen for investorar som stiller med utlånskapital blir redusert, og skal medverke til at fondet tiltrekker seg desse investorane.

Det blir foreslått at det gis særskilt fullmakt frå Stortinget for utbetaling av tilskotet på følgjande måte:

Stortinget gir samtykke til at Utanriksdepartementet i 2017 gis unntak frå føresegnene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetalingar av gitte løyvingar på følgjande måte:

Utbetaling via Norfund til investeringsfondet «Nordic Horn of Africa Opportunities Fund» kan skje før det er behov for å dekke dei aktuelle utgiftene og brukast som sikring for lån.

Kap. 162 Overgangshjelp/sårbare statar og regionar

Post 70 Overgangshjelp/sårbare statar og regionar, kan overførast

Løyvinga blir foreslått auka med 117,2 mill. kroner til program i Irak, primært gjennom UNDP sine to fond, for høvesvis omgående og langsiktig stabilisering av Irak.

Kap. 163 Naudjhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar

Post 70 Naudjhjelp og humanitær hjelp, kan overførast

Løyvinga blir foreslått auka med 453,8 mill. kroner.

Den auka løyvinga vil m.a. gå til Rohingyakrisa som krev akutt humanitær respons i Myanmar og Bangladesh, hjelp som følgje av fare for hungersnaud i Jemen, Sør-Sudan, Somalia og Tsjadsjoregionen og til underfinansierte kriser, særleg i Afrika sør for Sahara. Det er også store behov knytt til Syria-krisa.

Aktuelle kanalar for hjelpe tiltak vil vera FN og Den internasjonale Raudekross-komiteen (ICRC).

Kap. 168 Kvinnerettar og likestilling

Post 70 Kvinnerettar og likestilling, kan overførast

Løyvinga blir foreslått auka med 90 mill. kroner.

Auka midlar vil gå til ein ny finansieringsmekanisme for kvinnelege entreprenørar, WeFi, i regi av Verdsbanken. Tiltaket støtter opp om prioriteringane i «Handlingsplanen for kvinnernas rettigheter og likestilling i utenriks og utviklingspolitikken (2016-2020)».

Kap. 169 Global helse og utdanning

Post 70 Global helse, kan overførast

Løyvinga blir foreslått auka med 200 mill. kroner til vaksinealliansen GAVI, grunna auka behov for vaksinar.

Kap. 170 FN-organisasjonar m.m.

Post 76 FN og globale utfordringar m.m., kan overførast

Løyvinga blir foreslått auka med 106 mill. kroner.

Auka løyving vil gå til Fredsbyggingsfondet, og støtte til FN sin nye teknologibank for teknologioverføring og innovasjon i verdas fattigaste land.

Post 78 Pliktige bidrag til FN-organisasjonar mv., kan overførast

Løyvinga på posten gjeld ODA-delen av pliktige kontingentar til internasjonale organisasjonar Noreg er medlem i, jf. omtale under kap. 116, post 70 ovanfor.

Løyvinga blir foreslått auka med 19,5 mill. kroner. Meirutgiftene skuldast auka ODA-del for FN sine fredsbevarande operasjonar, jf. omtale under kap. 116, post 70.

Kap. 171 Multilaterale finansinstitusjonar

Post 72 Strategisk samarbeid med multilaterale utviklingsbankar og finansinstitusjonar, kan overførast

Løyvinga blir foreslått auka med 120 mill. kroner.

Auka løyving vil gå til fondet Global Concessional Financing Facility for syriske flyktingar i Jordan og Libanon.

Forslag til reduserte løyvingar**Kap. 165 Forsking, kompetanseheving og evaluering**

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga blir foreslått redusert med 9,5 mill. kroner pga. mindre utgifter til kjøp av konsulentenester enn tidlegare budsjettert.

Kap. 167 Flyktingtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Etter OECD/DAC sine retningslinjer kan enkelte flyktingutgifter knytt til opphold for asylsøkjarar og flyktingar i Noreg det første året klassifiserast som offisiell utviklingshjelp (ODA). Nye overslag tilseier at dei ODA-godkjende utgiftene går ned med 1 359,9 mill. kroner i høve til oversлага i RNB 2017.

Ein viser og til omtale i budsjettproposisjonane til Justis- og beredskapsdepartementet, Barne og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet som har ansvaret for ordningane i Noreg.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på kap. 167, post 21 med 1 359,9 mill. kroner.

Kap. 171 Multilaterale finansinstitusjonar

Post 71 Regionale bankar og fond, kan overførast

Løyvinga blir foreslått redusert med 8,4 mill. kroner grunna valutakursendringar.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om endringar i statsbudsjettet 2017 under
Utanriksdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2017 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2017 under Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2017 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, vert redusert med	135 500 000
		frå kr 1 586 302 000 til kr 1 450 802 000	
117		EØS-finansieringsordningane	
	75	EØS-finansieringsordninga 2009–2014, <i>kan overførast</i> , vert auka med	107 000 000
		frå kr 549 000 000 til kr 656 000 000	
	76	Den norske finansieringsordninga 2009–2014, <i>kan overførast</i> , vert auka med	148 000 000
		frå kr 761 000 000 til kr 909 000 000	
	77	EØS-finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	124 000 000
		frå kr 264 000 000 til kr 140 000 000	
	78	Den norske finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	117 000 000
		frå kr 238 000 000 til kr 121 000 000	
118		Nordområdetiltak m.m.	
	70	Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 01</i> vert redusert med	5 000 000
		frå kr 299 141 000 til kr 294 141 000	
150		Bistand til Afrika	
	78	Regionløyving for Afrika, <i>kan overførast</i> , vert auka med	90 000 000
		frå kr 2 319 640 000 til kr 2 409 640 000	
161		Næringsutvikling	
	70	Næringsutvikling, <i>kan overførast</i> , vert auka med	20 000 000
		frå kr 169 000 000 til kr 189 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
162		Overgangshjelp/sårbare statar og regionar	
	70	Overgangshjelp/sårbare statar og regionar, <i>kan overførast</i> , vert auka med	117 200 000
		frå kr 202 500 000 til kr 319 700 000	
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	70	Naudhjelp og humanitær hjelp, <i>kan overførast</i> , vert auka med	453 810 000
		frå kr 4 709 971 000 til kr 5 163 781 000	
165		Forsking, kompetanseheving og evaluering	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	9 500 000
		frå kr 91 918 000 til kr 82 418 000	
167		Flyktningtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med	1 359 932 000
		frå kr 2 599 575 000 til kr 1 239 643 000	
168		Kvinnerettar og likestilling	
	70	Kvinnerettar og likestilling, <i>kan overførast</i> , vert auka med	90 000 000
		frå kr 316 700 000 til kr 406 700 000	
169		Global helse og utdanning	
	70	Global helse, <i>kan overførast</i> , vert auka med	200 000 000
		frå kr 3 075 000 000 til kr 3 275 000 000	
170		FN-organisasjonar m.m.	
	76	FN og globale utfordringar, <i>kan overførast</i> , vert auka med	106 000 000
		frå kr 238 300 000 til kr 344 300 000	
	78	Pliktige bidrag til FN-organisasjonar mv., <i>kan overførast</i> , vert auka med	19 500 000
		frå kr 217 300 000 til kr 236 800 000	
171		Multilaterale finansinstitusjonar	
	71	Regionale bankar og fond, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	8 400 000
		frå kr 770 500 000 til kr 762 100 000	
	72	Strategisk samarbeid med multilaterale utviklingsbankar og finansinstitusjonar, <i>kan overførast</i> , vert auka med	120 000 000
		frå kr 110 500 000 til kr 230 500 000	

II

Stortinget gir samtykke til at Utanriksdepartementet i 2017 gis unntak frå føresegne i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetalingar av gitte løyvingar på følgjande måte:

Utbetaling via Norfund til investeringsfondet «Nordic Horn of Africa Opportunities Fund» kan skje før det er behov for å dekke dei aktuelle utgifte og brukast som sikring for lån.
